Rekneskap og årsmelding

for bygdelaget

«SUNNHORDLENDINGEN»



«SUNNABU»

1962

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN i Bergen vart skipa den 22. mars 1919. Skiparane av laget sette som føremål at laget skulle arbeida for å fremja kjennskap og venskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller kring byen, og å spreia opplysningar om den rike kultur og sogetradisjon som sunnhordlandsbygedene har.

Laget skulle og vera til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som flyttar til byen.

Desse føremålsparagrafane prøver me å leva opp til så godt det let seg gjera.

Laget er no med i fylgjande skipnader:

Noregs Ungdomslag, gjennom Hordaland Ungdomslag. Bygdelagsnemndi. Sameinte nasjonar, vestlandsavdelinga. Teatersentralen.

Frå september til mai har me lagsmøte annankvar tysdag i Gimle. Her kjem ungdom frå heile distriktet vårt saman til åndeleg og kulturelt arbeid, og dei kjem saman med vener og kjende i eit heimleg miljø.

På framsida er et bilete av utferdsstaden vår, «SUNNABU», på Kvamskogen. Hytta har sengeplass til 20, og er flittig nytta til helgeturar og ferieopphald.

Særlaga er grunnstamma i laget vårt. Her kjem interessert ungdom saman for å dyrka sin interesse. Her har ein og det beste høve til å verta kjent i laget, og å finna seg nye vener. Ein møter andre med same interesse som ein sjøl. Ein er ikkje lenger einsam eller åleine i byen.

Me har no desse særlaga:
Fotogruppe: Formann Knut Skålnes.
Leikarring: Formann ikkje vald enno.
Saumarlag: Formann Anbjørg Årsnes.
Skyttarlag: Formann Kjell Matre.
Spellag: Formann Per Ivarsøy.

Årsmelding.

Laget har i 1962 hatt 13 vanlege møte, 1 årsmøte, 1 fest saman med Nordhordlendingen, 7 bygdelagskveldar, 1 teaterkveld og ei programferd til Skånevik.

Styret har hatt 8 møte, 1 møte saman med styret i Hordaland Ungdomslag, og 1 saman med styret i Nordhordlendingen.

Notata.

23. januar. Stend Jordbruksskule vitja osss, og dei synte spelstykket «Det lagar seg nok». 300 var tilstades på møtet.

6. februar. Kåseri ved dr. Inger Haldorsen «Når skal vi gifte oss». Ungguten Rune Larsen song «Buekorpssangen» og fleire cowboysongar. Det var 250 tilstades.

20. februar. Tysneskveld. Kåseri om Tysnes i gamal og ny tid av Wilhelm Vaage. Opplesning av Arne Gjerstad. Song av Turid Frugård. Lagsavis og duettsong. 250 billettar selde.

6. mars. Veestlandske Blindeforbund sto for programmet. Askel Ytrenes var programleiar. Opplesning av Evald Bendixen. Song av Marit Evanger og Oscar Mathisen. 225 billettar selde.

20. mars. Skånevikskveld. Erling Hornenes var programleiar. Skånevikssongen. Kåseri av Olav Eikemo. Harald Rafdal fortalde historiar. 250 billettar selde.

Rekneskap for bygdelaget «Sunnhordlendingen» 1962

Innkoma:

Inngongspengar	kr.	19 525,00
Lagspengar	»	227,00
Lysingar	»	45,00
Innkoma brussalg	»	340,31
Renter	»	66,83
I kassa pr. 1/1 1962	»	3 513,96
	Kr.	23 718,10

Utloger:

Ytingar				
Gular	kr.	100,00		
Kyrkjenemnda	»	50,00		
Hytta	»	3 250,00		
Sunnhordl. Folkemuseum	»	100,00		
Partbrev hytta	»	100,00	kr.	3 600,00
Skytegruppa	kr.	130,90		
Lagspengar S.N.	»	15,00		
Lagsp. Hord. Ungd.lag	»	184,00		
Lagsp. Bygdelagsnemndi	»	30,00		
Norsk Ungdom	»	10,00		
Unglyden	»	8,00		
Stipend	»	50,00		
Kurs og årsmøte	»	138,80		
Gåver	»	207,10		
Sele til fana	»	125,00		
Ymse	»	403,91		
Kontor, tlf./porto	»	207,46		
Skånevikstur	»	159,95		
Skrivemaskin	»	627,20		
L/L Bygdehuset	»	2 000,00		
Leikarringen	»	551,15		
Innkjøpt festar	»	687,22		
Program og musikk	»	4 683,05		
Lysingar	»	966,55		
Husleige	»	5 525,40		
Spellaget	»	10,00		
Lån til Sunnabu	»	500,00		
I kassa pr. 31/12 62	»	2 897,41	»	20 118,10
			Kr.	23 718,10

Bergen den 31. januar 1962
5. februar 1963

Per Ivarsøy *Erling Hornenes*
Ettersynsmenn

Lars Bruntvedt
Kassastyrar

«SUNNABU»

Taps- og vinningskonto pr. 31. desember 1962

Ved, koks og parafin	kr.	126,15	Overført frå 1961	kr.	304,48
Maling utvendig	»	102,89	Overnattingar	»	1 376,00
Assuranse	»	21,00	Ref. skatt	»	60,00
Ymse utlegg	»	58,54			
Renter lån Vestlandsbanken	»	333,95			
Driftsoverskot	»	1 097,95			
	Kr.	1 740,48		Kr.	1 740,48

Balansekonto pr. 31. desember 1962

Hytte med innbu pr. 31/12-61	kr.	23 675,03	*Hytta er finansiert slik:*		
Kjøpt kamin 1962	»	314,15	Fond til utferdsstad	kr.	9 263,74
I kassa 31/12-62	»	72,51	Ytingar frå hovudlaget	»	4 850,00
			Lån av hovudlaget	»	500,00
			Partbrev	»	3 300,00
			Driftsoverskot	»	1 097,95
	Kr.	24 061,69		Kr.	24 061,69

Etersett:

Bergen, 31. desember 1962 / 5. februar 1963

Per Ivarsøy (s) *Erling Hornenes (s)*

Ettersynsmenn

Solveig Rimmereide (s)

Kassastyrar

Leikarringen.

Den 10. oktober kom 16 gjenter og gutar saman i Gimle for å prøva å få i stand ein leikarring. Hjalmar Tvedt tok på seg oppgåva som leiar. Me tok fat heilt frå grunnen av, og sidan har det gått jamt frametter. Ringen har no 9—10 faste par som syner framsteg frå veke til veke. I 1962 har me tilsaman hatt 10 øvingar, og øvingane er i Gimle kvar onsdagskveld.

Saumarlaget.

Saumarlaget har hatt berre 1 møte dette året. Grunnen til at dei ikkje har hatt fleire, er mangel på lokale der dei kan koma saman. Dette rettar på seg frå neste år, då laget frå januar 1963 har leigd eit rom på kafe Løvstakken fast 2 kveldar for veka.

Skyttarlaget.

Etter nokre års høneblund, freista Skyttarlaget i året som gjekk å gni svevnen ut av augo.

Det hende fyrste gong ein kveld utpå, vårparten då nokre av dei mest kampglade karane møttest til dyst på Nesttun skyttarbane. Striden sto om Sunnabukruset, eit stasleg tinnkrus, gjeve av hovudlaget og oppkalla etter hytta vår.

Kruset må vinnast tre gonger før det vert odel og eiga. Resultata vart: 1. T. Holmedal 178 pt. 2. Kj. Matre 162 pt., 3. O. Moss 162 pt., 4. Bj. Tvedt 153 pt., 5. R. Spissø 153 pt., 6. K. Vernøy 116 pt., 7. E. Kjellevold 103 pt., 8. H. Dalsgård 97 pt.

Årsaka til at ikkje alle kulene havna i blinken, var truleg uroa i blodet som våren skapte, men saman med drønn frå geværsalvar og ange av kruttrøyk, gav det kvelden meining, på same tid som det gav nøring til ny innsats ved neste krossveg.

Spellaget.

Våren 1962 sette me opp stykket «Dei kvinnfolka» av Oscar Braaten. Ymse vanskar gjorde at stykket ikkje vart spelklart til å kunna nyttast på lagsmøte før sumarferien, og premieren vart derfor i Skånevik den 16. juni. Me var kring 15 stk. som reiste med buss til Os, og vart henta der med skyssbåt.

Om kvelden var det fullt hus i Skånevik Ungdomshus, og spelet gjekk bra. Me hadde ein fin tur, og returnerte sundag ettermiddag same vegen som me kom.

Om hausten vart det gjort fleire freistnader på å få sett stykket opp att, men det var ikkje råd å skaffa nye spelarar for dei som ikkje kunne vera med meir. Fyrst kring juletid var troppen fulltallig, og øvingane tek til januar 1963. Spellaget treng folk, også til andre oppgåver enn nett det å vera skodespelar. Me lovar interessante stunder for dei som har lyst på ein morosam hobby.

Utferdsstaden.

Drifta av «Sunnabu» har i år ikkje lege fullt på høgd med det fyrste driftsåret — dette trass i at vi no har hatt fullt driftsår. Grunnen kan nok for det meste leggjast på værtilhøva. I februar, mars og april, som skulle vera beste månadene for hyttesesong, var det rikeleg med snø i traktene kring Bergen, og interessa mellom lagslemene for å vitja hytta var dårleg. Det var så meininga å trekkja lagsfolk oppover til hytta på dugnadstur i mai, men no spela og værgudane inn. Hytta skulle målast utvendig, og ein slik tur måtte leggjast til ei godvershelg. Ikkje ei helg fann vi været stabilt nok til å lys ut tur. No er hytta måla på to sider utvendig av ein av medlemene i hyttestyret som la sumarferien til hytta. Resten av oppussinga bør takast så snart vinteren har «slept taket» neste år.

I vår vart det sett inn ny kamin i hytta, då den gamle var dårleg. Denne påkostnaden kom på kr. 314,15, då arbeidnet vart gjort av lagsfolk.

Hytta har i året vore utleigd omlag ei veke i februar, i påskehelga, 5 veker i sumar, og elles har det vore omlag 100 overnattingar. Dette er noko mindre enn i fjor.

Utleiga i påskehelga var ikkje heilt effektiv. Grunnen var nok at vi ikkje hadde bindande pris ved påmeldinga, og mange melde seg då på tidleg for å seia opp tinginga då påskehelga nærma seg. Dette sette hyttestyret i ei vanskeleg stode. Heilt opp under påske var det uråd å få andre interesserte i å reisa oppover. Sumarsesongen var tilfredsstillande, men utover hausten har det helst vore lite utleiga. Dette er noko vi reknar

3. april. Liland Ungdomslag vitja oss. Askel Ytrenes var programleiar. Dei hadde laga ein revy som dei framførde og gjorde stor lukke med. 300 billettar selde.

18. september. Askel Ytrenes var programleiar. Ingolf Thue las og fortalde stubbar. 160 billettar selde.

2. oktober. «Nord-Noreg sett frå bil og båtdekk», kåseri med ljosbilete ved Per Ivarsøy. Vivian Vindenes song med akkompagnement på trekkspel og gitar. 230 billettar selde.

16. oktober. Bondeungdomslaget i Bergen vitja med spelstykket «Jan Anders og Lars Anders». 180 selde billettar.

30. oktober. Festmøte. Prolog av Anders Valvatne. Magister Hans Emil Lidén tala om «Halsnøy, eit sentrum i Sunnhordland i gamal tid». «Lars med sjøen» song og fortalde historiar. Ordførarane frå Sunnhordland var innbedne til møte, men berre ein hadde høve til å koma. 130 billettar selde.

13. november. Tysnes Ungdomslag vitja oss med spelstykket «Mammaguten og farsbånet». Visesong. 250 billettar selde.

27. november. Fitjarkveld. Per Ivarsøy var programleiar. Fitjarsongen. Overlærar [illegible]. Sørfonden fortalde om Fitjar i gamal tid. Ordførar Peder Nilsen Åga fortalde om Fitjar i nyare tid. Egil Borge fortalde stubbar og song viser. 250 billettar selde.

11. desember. Julemøte. Rolf Olsen var programleiar. Visesong ved Arne Blomberg. Allsong og lagsavisa Sunnanvind ved Gunvor Djuve. 180 billettar selde.

Fest.

4. januar. Julefest saman med Nordhordlendingen. Bladstyrar Arthur Berg var festtalar. Opplesning ved Lars Bruntvedt. Skodespelarinna Norma Balean song med akkompagnement frå Malvin Myhre.

Lagstur.

Lagsturen i år gjekk til Skånevik med avreise frå Bergen laurdag den 16. juni kl. 1400. 15 stk. stilte opp til start på busstasjonen med ein leigd buss som kjørte oss til Os. Der låg det båt frå Skånevik og venta, og etter 5 timar var me i Skånevik. Spellaget hadde øvd inn «Dei kvinnfolka» av Oscar Braaten, og dei var alt i full gang med sminking straks me forlet kaien i Os. Askel Ytrenes var med som kjentmann og som turleiar.

Ungdomshuset var heilt fullt då festen tok til om kvelden. Spellaget kom og tolig bra frå si oppgåve. Elles hadde me med oss ein gjøglar som og gjorde stor lukke med visene sine.

Sundagen gjekk turen attende same vegen som me kom laurdagen. Turen var subsidiert av laget slik at det kosta kvar deltakar berre ca. kr. 20.

Teaterkveld.

Den 7. februar skipa laget til teaterkveld på Den Nationale Scene til stykket «Hennes Høyhet min kone» av Alex. Kielland. Det var selt 27 billettar.

Skeid.

Lars Bruntvedt var med på eit lagsleiarskeid som Bygdelagsnemndi skipa til i Bergen februar.

10. til 13. mai var formannen på eit lagsleiarskeid på Solstrand Turisthotell som Statens Ungdoms- og Idrettskontor skipa til.

Formannen hadde og eit reisestipend frå Bergen Kommune for å studera ungdomsarbeid i København.

Askel Ytrenes og Ragnar Spissøy var med på eit lagsleiarskeid som Hordaland og Hardanger Ungdomslag skipa til på Lofthus den 9. til 11. november.

Fotogruppa.

I 1962 har fotogruppa hatt 8 møte. Det har vore arbeidt med forstørring og fotografering med lampar. Dessuten har me prøvd litt fargelegging, men det er litt vanskeleg å driva med i vanleg lampeljos.

Gruppa har hatt 6 medlemmer og gått på rundgang med møta slik som før. Styret har vore Knut Skålnes, formann, Erling Hornenes, kassastyrar og Åsta Natlandsmyr, skrivar.

med, sidan hytta ligg i eit typisk vinterterreng, og reisa er lang og dyr. For den komande sesongen vonar hyttestyret at værgudane og dei nye medlemene er med oss. Det er vårt håp at desse nye finn vegen oppover, slik at vi kan få ein fast gjeng av lagsfolk på hytta i helgane, og at hytta soleis kan bli den samlande utferdsstaden ho var tenkt til ved kjøpet.

I hyttestyret i år har vore: Harald Bruntvedt, formann, Anbjørg Årsnes, kassastyrar, Solveig Rimmereide og Knut Skålnes.

Studiearbeidet.

På siste årsmøte vart det i staden for studieleiar valt ei studienemnd på 3 medlemer. Det har synt seg at ei slik 3 mannsnemnd kan utføre meir positivt arbeid enn ein studieleiar. Denne nemnda heldt seg helst passiv på vårparten. Frå i haust og utover førejulsvinteren har me gjort fleire freistnader på å få i gong ein eller fleire ringar. Me sette opp 3 emne: «Psykologi», «Fellesmarkedet» og «Skikk og bruk i heim og samfunn». Det har vore svært vanskeleg å få så mange deltakarar at me har kunna fått i gong ein ring i eit av desse emna. 6 deltakarar har no meldt seg til ein ring i «Psykologi for alle», og me reknar med å vera i gong straks utpå nyåret. Skulle nokon ha interesse av å ver med i ein studiering, så snakk med ein i studienemnda. I studienemnda har desse vore med Erling Hornenes, formann, Askel Ytrenes og Rolf Olsen.

Bergen i februar 1963.

Petter Ersvær
formann

Askel Ytrenes
varaform.

Bergni Ingvaldsen
styremedlem

Lars Bruntvedt
kassastyrar

Åsta Natlandsmyr
skrivar

Rekneskap og årsmelding

for bygdelaget

«SUNNHORDLENDINGEN»

1963



Formenn gjennom tidene.

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN i Bergen vart skipa den 22. mars 1919. Skiparen av laget sette som føremål at laget skulle arbeide for å fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller ikring byen, og å spreia opplysning om den rike kultur og sogetradisjon som sunnhordlandsbygdene har.

Laget skulle vera til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som flyttar til byen.

Desse føremålsparagrafane prøver me å leva opp til så godt det let seg gjera.

Laget er no med i fylgjande skipnader:

Noregs Ungdomslag, gjennom Hordaland Ungdomslag,
Bygdelagsnemndi,
Sameinte Nasjonar, Vestlandsavdelinga
Teatersentralen.

Frå september til mai har me lagsmøte annakvar tysdag i Gimle. Her kjem ungdom frå heile distriktet vårt saman til åndeleg og kulturelt arbeid, og for å komma saman med vener og kjende i eit heimleg miljø.

Særlaga er grunnstamma i laget vårt. Her kjem interessert ungdom saman for å dyrka si interesse. Her har ein og det beste høve til å verta kjent i laget, og å finna seg nye vener. Ein møtar andre med same interesser som ein sjølv. Ein er ikkje lenger einsam og åleine i byen.

Me har no desse særlaga:

Fotogruppa, form. Knut Skålnes.
Leikarring, form. Lars Bruntveit.
Saumalag, form. Marta Ivarsøy.
Spellag, form. Rolf Olsen.
Turlag, form. Petter Ersvær.
Studiering, form. Erling Hornenes.
Skyttarlag, form. Kjell Matre.

Årsmelding

Laget har i 1963 hatt 17 lagsmøter, 1 årsmøte, 1 fest saman med Nordhordlendingen, 8 bygdelagskveldar, 1 åpent møte for sunnhordlendingar i Vestlandsbanken, 2 kosekvelder i Arbeidslederhuset, samt ein rundttur med buss.

Styret har hatt 16 møter, av desse, 5 saman med Nordhordlendingen, og 2 med særlagsformennene.

Av dei saker som styret har arbeidt med iår, utanom den vanlege rutina, kan nemnast:

Årsmøtet til Hordaland Ungdomslag var i år lagt til Bergen, og det var Nordhordlendingen og laget vårt som fekk oppgåva å skipe til dette. Årsmøtet vart på alle måtar vellykka, og vart avslutta med fest i Gimle, der mykje bygdelagsfolk var tilstades.

Eige lagsrom har vore eit ynskje i laget lenge, og i år er dette vorte oppfylt, meddi me har skaffa oss eit høveleg lagsrom i I.O.G.T.huset på Engen.

Utanom dette har styret arbeidt med førebuinga til jubileumsfesten for 90 års jubilanten, lagets stiftar, overlærar B. Sørfonden.

Møta.

15. jan. "Torgny Segerstedt, eit ukjendt menneske", kåseri av Sverre Riisøen, opna møterekka dette året.
Tryllekunster ved Nils Bjørøy. Møteleiar: Petter Ersvær.

29. jan. Vitjing av spellaget til Nordhordlendingen med "Reborgia mi Rosenborg". Stor lykke. Møteleiar: Rolf Olsen.

12.febr. Kåseri av Torodd Bolseth om "Merkeleg ungdom". I referatet står det at det var stille i salen, og det er vel den beste attest eit kåseri kan få i Gimle. Møteleiar: Petter Ersvær.

26.febr. Arna Fabrikkers amatørgruppe gjesta oss med spelstykket "Lars Larsson frå Lindås". Møteleiar: Askel Ytrenes.

12. mars Løytnant Sætrum stod for det meste av programmet denne kvelden. Han gjorde stor lykke med sine stubbar og parodier. Ellers på programmet: Tryllekunster av Arwendo elmago.
Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: ca. 200.

26. mars Unge gjenter og gutar frå Bergens Turnforening synte fram kunstene sine, og Knutsen fortalde stubbar.
Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: ca. 220.

23.april Spelstykket "Møte i grenseland", av Knut Hauge, vart synt fram av elevar ved Hordaland Fylkeskom. gymnas. Avis ved Rolf Olsen. Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: ca. 250.

7. mai Johs. Husdal kåserte om frilynt ungdomsarbeid. Visesong av Vivian Vindenes. Møteleiar: Rolf Olsen. Frammøte: ca. 150.

21. mai Bondeungdomslaget gjesta oss med spelstykket "Gurigjenta", av Åsta Holt. Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: ca. 135.

24.sept. Ivar Åsen kveld. Kåseri av skuleinspektør Handtveit, og dikt av Åsen vart opplest av Gunvor Djuve. Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: ca. 130.

8. okt. "Fra det ytterste skjær til den hvite sne", lysbilete-kåseri frå Sunnhordland ved Adriansen. Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: 160.

22. okt. Fyllingsdalen Ungdomslag gjesta oss med spelstykket "Medgift utan kone". Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: ca. 230.

5. nov. Bodil Saghaug las dikt av Hovden, sang av Hordakoret, og "Randi" underholdt oss så med ymse morostubbar.
Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: ca. 180.

19. nov. Kåseri om ungdom av Torodd Bolseth. Like fengslande som tidligare når han har gjesta oss. Song og musikk.
Møteleiar: Askel Ytrenes. Frammøte: ca. 210.

3. des. Skyttarlaget og turlaget stod for programmet denne kvelden. Me er spendt på å sjå kva dei andre særlaga har å stilla opp mot dette?

17. des. Leikarringen stod for programmet. Det var kåseri ved skuleinspektør G. Meidel Berge og visesong av Vivian Vindenes. Kaffikos. Møteleiar: Lars Bruntveit. Frammøte: ca. 150.

Festar.

9. jan. Julefest saman med Nordhordlendingen. Festtalar var kallskap. Harald Hope. Opplesing av Hjørdis Ring, og visesong av Vivian Vindenes. Møteleiar: Nils Fjellstad. Frammøte: ca.159.

Rekneskap for bygdelaget "Sunnhordlendingen" 1963.

D e b e t:		K r e d i t:	
Husleiga	7.050.50	Inngongspengar	22.224.50
Lysingar	1.463.50	Brus netto	524.60
Progr. Musikk	7.058.60	Loddsalg	6.55
Matutg.	675.63	Renter	42.50
Div. lagsutg.	1.493.07	Medlemspengar	895.00
H.U.L.	318.35		
Unglyden	8.00		
D.N.T., blomster	15,35		
Bygdelagsnemnda	75.00		
Leikarringen	1.632.50		
Turlaget (skigruppa)	154.50		
Spellaget	42.00		
Skyttarlaget	125.00		
Saumalaget	100.00		
"Sunnabu"	1.000.00		
Innløyst partbrev	100.00		
Sunnh.Folkemuseum	100.00		
Gular	100.00		
Norsk Folkem.	50.00		
Kyrkjenemnda	50.00		
Overskot 1963	2.081.05		
	23.693.15		23.693.15

Bergen, 31/12-1963
21/1-1964

Per Ivarsøy Knut Skålnes
Ettersynsmenn

Birger Søreide
kassastyrar

Eiga pr. 31/12-63, Kassa	218.11	Trsp.	4.978.46
Sparev. Vestl.banken	3.720.25	2 lutar i Bygdeh.	2.000.00
Lagsfond	1.025.00	Fama	1.500.00
Postgiro	15.10	Målarstykke	500.00
	4.978.46		500.00

Rekneskap for "Sunnabu" - 1963.

Taps- og vinningskonto.

Ved, koks, parafin, gass		269.75	Overnattingar	1.616.00
Ymse utlegg		179.81	Renter av bankinnskot	7.35
Assuranse		43.00		
Renter av pantelån		246.30		
Måling		88.96		
Driftsoverskot		795.53		
		1.623.35		1.623.35

Balansekonto.

Hytta	23.989.18	23.	Lån i Vestl.banken	3.550.00
Gassapp.(inkl)			Partbrev	3.100.00
2 behold.)	358.70	24.347.88	Balansekonto:	
Kassa		1.99	Fond til utferdsst.	9.263.74
Bankinnskot		7.35	Ytingar frå hovud-laget	6.550.00
			Driftsoverskot 61/62	1.097.95
			" 1963	795.53
		24.357.22		24.357.22

Bergen, den 31. desember 1963.
16. januar 1964

Solveig Almås, kassastyrar

Årsmelding for "Sunnabu" 1963.

Drifta av hytta vår på Kvamskogen har atter gitt eit godt år økonomisk, med den høgaste inntekta til dessar. Dette kjem seg av at hytta har vore bortleigd i 6 1/2 veke til feriefolk og dessutan var det fullt belegg i påskehelga. Medlemene er dei som minst brukar hytta, så vanlege overnattingar i året har berre vore 75 - mot før ca. 140. Dertil kjem ei helg tur-gruppa leigde hytta. Dette tykkjer hyttestyret ber i motsett lei av det som var meininga då hytta vert kjøpt: At ho skulle verta ein samlande utferdsstad for medlemene i laget.

På grunn av dårlege koketilhøve på hytta - som det har vore klaga mykje over - har hyttestyret i år gått til innkjøp av eit propangassapparat. Samstundes har vi teikna ny forsikring i Kvam Branntrygdelag; ei såkalla "Hytte-Landstadtrygding". Denne dekkjar kr. 25.000 på hytta og kr. 4.000 på innbu, og dessutan kr. 500.000 ved personskade og kr. 20.000 på ting der laget er ansvarleg.

Hyttestyret sitt fyrste ynskje er no å få lånet i Vestlandsbanken heilt nedbetalt. Slik det no er, tek rentene og avdraga på dette lånet så mykje av inntektene at berre dei mest naudsynte utlegg ved drifta kan dekkast.

Ein av feriegjestane har også i år utført noko målararbeid på hytta. slik at ho no er "overhalt" utvendig. Elles er hytta i god stand, men i det siste er vatnet i brunnen vorte dårleg på grunn av ei ny oppkomme som skjemmer vatnet. I styret har i året vore: Harald Bruntveit, form., Solveig Almås, kassastyrar, Odny Myking, Knut Skålnes.

Årsmelding for Skyttarlaget.

Skyttarlaget har i året 1963 vore i aksjon ved to høve. Det første var i samband med lagskonkurransen om Sunnabukruset, som gjekk føre seg onsdag 29. mai.

Programmet i år var det same som i fjor, tre fireskotseriar på 100 meter, fordelt på ståande, kne og ligjande, videre 2 fireskotseriar på 300 meter fordelt på kne og ligjande. Det var med 9 stykke i fredeleg dyst om førsteplassen, som gjekk til Ragnar Spissøy med 160 i samla poengsum. På andre og tredje plassen kom Thorvald Holmedal og Åge Leknes med 158 og 148 poeng. Rekkjefylgja vidare vart: Kjell Matre - Askel Ytrenes, Petter Ersvær, Birger Søreide, Å. Vårmartveit og Lars Bruntveit.

Resultata var noko svakere i år enn i fjor, men det kjem seg truleg av at treningsgrunnlaget ikkje var så godt denne gongen.

Dyst no. 2 hadde skyttarlaget i samband med bygdelagstevlinga, som gjekk føre seg 22. september. I denne tevlinga har kvart lag høve til å stille med 8 mann, der dei 5 beste er med og tel i samandraget. Sju Sunnhordlendingar var med, der Nordfjordlaget, Sognelaget og Bondeungdomslaget stilte med kvar sitt åtte-mannslag.
Nordfjordlaget vant med 1275 poeng, vidare kom Sognelaget 1270 poeng, Bondeungdomslaget 1242 poeng og Sunnhordlendingen 1236 poeng.

Dei fem som var med og talde i poengsamandraget for Sunnhordlendingen var Åge Leknes, Petter Ersvær, Bjarne Tvedte, Ånund Haga og Kjell Matre.

Sjølv om vi havna på siste plass, er poengskilnaden ikkje særleg stor, og på bakgrunn av den forrige bygdelagsskytinga Sunnhordlendingen var med i, er det all grunn til å vera tilfreds med resultatet.

I styret for skyttarlaget har vore: Kjell Matre, form. Ragnar Spissøy, Thv. Holmedal.

Årsmelding frå særlaga.

Spellaget.

Tidleg i januar tok me oppatt prøvane på spelstykket "Dei kvinnfolka av Oskar Bråten, for å makta å bli ferdig til å syna stykket på Stord den 23. og 24. mars, og sidan i Gimle 26. mars og på årsmøtet til Hordaland Ungdomslag 20. april, og andre stadar etter som det måtte høva.

Det var store oppgåver som vart lagt på oss og vi hadde stor von og lyst til å løysa dei. Vanskane tårna seg diverre opp med di vi mangla ein mann i ei av rollane, og dette i tillegg til eit par andre uheldige omstende gjorde at vi laut "strekja våpen". Dette var litt av ei krise å komme over, men vi hadde ikkje hug å leggja ned alt arbeid det i spellaget, og vi gjekk på jakt etter eit nytt stykke vi kunne øva inn.

Vi stansa ved stykke "Storindustrien kjem til Kvinnherad", av Margot Lea, som skulle vera svært aktuelt og høvande for oss sunnhordlendinger. Den største innvendinga vi hadde til stykket var at det krov heile 10 aktørar pluss sufflør og instruktør. Sunnhordlendingen har gått igjennom ei viss fornying og forynging i året som er gått, og dette kom spellaget til gode på vervingsjakta vi hadde. Styret i spellaget var både overraska og glade då dei kunne tillysa fyrste øvingskvelden i det nye lagsrommet.på Engen. Ettersom dei fleste skodespelarane er nybyrjarar på "dei skrå bredder", rekna vi med lenger øvingstid enn vanleg, men øvingane har gått toleg bra under kunnig og inspirerande leiing av lektor Valvatne.

Av skade blir ein klok heiter det, så denne gongen vil ikkje vi i spellaget ta sigeren på førehand, vi vil berre tru og vona på eit godt resultat.

I styret for spellaget har desse vore med:
Rolf Olsen, form. Petter Ersvær, og Alfhild Sivertsen.

Leikarringen.

Leikarringen har hatt øvingar i Gimle kvar onsdag. Det har vore ein ring på omkring 8 par. Det som har vore lagt mest vekt på er turdansar og songdansar. 17.mai hadde ringen framsyning for eldre og vanføre på Strandkaien.

Leikleiar har vore Hj. Tvedt.

I styret for leikarringen har vore Lars Bruntveit, form., Olav Markhus og Gunvor Djuve.

Fotogruppa.

I 1963 har fotogruppa hatt 6 møte. Stort sett har det vore arbeidt med same oppgåver som før, forstørring og fotografering. Dessuten har me vore borti retusjering.

Gruppa har hatt dei same 6 medlemane som før. Det har vore litt mindre aktivitet det siste året.

I styret har vore: Knut Skålnes, form., Erling Hofnenes, Åsta Skålnes.

Studieringen.

Studieringen starta i vinter med ein ring i emne "Psykologi for alle", på fire brev. Møta vart haldne på lagsrommet på kafe Løvstakken. Dei 6 som var med var vel nøgd med resultatet. Me har freista få igang ringer i haust, men diverre var det ikkje råd å få fatt i nok folk. Men me voner at dette skal laga seg att.

I styret har vore: Erling Hornenes, form., Edel Enes, Rolf Olsen.

Saumalaget.

Saumalaget har også vore i aktivitet i år, først på kafe Løvstakken og seinare på lagsrommet vårt i I.O.G.T.huset på Engen. Som i dei fleste andre særlaga våre er også her mangel på folk. Dette må rettast på då det snart er vår tur til å ha marknad i Gimle.

I styret for saumalaget har vore: Marta Ivarsøy, form.. Petra Ersvær, og Annborg Bruntveit.

Bergen i februar 1964.

Askel Ytrenes, formann

Ragnar Spissøy, varaformann

Birger Søreide, kassastyrar

Gunvor Djuve Åsta Skålnes

Styremedlemer

Turnemnda.

Turnemnda har i året 1963 skipa til to arrangement. Fyrste var sundag den 31. mars på Kvamskogen. Då gjekk "Sunnabumeisterskapet" av stabelen. Det var ei skitevling mellom Sognalaget og Sunnhordlendingen. Kvart lag skulle stilla med 6 mann og dei 4 beste frå kvart lag skulle telja med i lagtevlinga.

Løypa som vart gått opp laurdagen var omlag 3,5 km. og den skulle gåast 2 gonger.

Laget vårt reiste opp laurdagen og skulle overnatta i hytta. Laurdagskvelden var det hyttekos og det vart utveksla mange gode råd, for sant å seia så var med redde for desse sogningane i løypa. Det har seinare vore nemnt at ein av deltakarane våre nytta doping. Han hadde nemlig med seg stimulerande midlar i form av ei søt ung gjente.

Premiane som var oppsette var ein vandrepokal til beste 4 mannslag og 3 bestemannspremier.

Kl. 1200 sundag morgon gjekk starten. Tidtakarar var Harald Oppedal frå Sognalaget og Petter Ersvær frå Sunnhordlendingen.

Ved passering 3,5 km. passerte vår eigen Ragnar Spissøy i fint driv, som bestemann, 7.sek. føre nestemann Agnar Nondal frå Sognalaget. Spaninga var alt på topp. Ville Nondal greia å ta inn dei 7 sek. som Spissøy hadde tilgode på han ved fyrste passering?

Me venta i spaning på å sjå dei inn mot mål, og endelig der hadde me han Ragnar Spissøy i full kjør nedover bakken, og i ein frisk spurt gjekk han i mål på tida 31,22. Så var det å venta på Nondal, men det synte seg at han ikkje kunne trua han Ragnar. Nondal kom i mål på tida 32,57.

Resultatlista:

1.	Ragnar Spissøy,	Sunnhordl.	6.	Arne Hov.	Sognalaget
2.	Agnar Nondal,	Sognalaget	7.	Oddvar Fitje,	do.
3.	Kjell Matre,	Sunnhordl.	8.	Harald Kalgraff,	do.
4.	Tor Leknes,	do.	9.	Harald Rafdal,	Sunnhordl.
5.	Askel Ytrenes,	do.	10.	Leif Nyhammer,	Sognalaget

Sunnhordlendingen tok her sin fyrste aksje i den oppsette vandrepokal.

Lagsturen i år var lagt til Kr.Himmelfartsdag med avreise frå Bergen med leigd buss onsdag ettermiddag til Kvamskogen. Der overnatta me i "Sunnabu" med dertil høyrande hyttekos. Alle "overlevde", men ein fann det mest hensiktsmessig å overnatta i vedhuset.

Torsdag gjekk turen til Nordheimsund og vidare gjennom Strandeharm. Bakka neste stopp. Middag på Bakka Hotell. Middagsluren tok me i eit kulturbeite "dertil eignet" saman med tamme sauer og ville kaniner.

Vidare gjekk turen om Mundheim gjennom Hålandsdal til Fusa. Ferje til Hatvik og retur til byen kl. 2130.

Veret på turen var heilt fyrsteklasses med sol frå klår himmel til tross for den dårlege vermeldinga.

26 lagsfolk var med på turen likelig fordelt på begge kjønn.

Med i turnemnda i 1963 har vore: Petter Ersvær, Ragnar Spissøy, Birger Søreide.

Rekneskap og årsmelding

for bygdelaget

«SUNNHORDLENDINGEN»

1964



Parti frå Skånevik - "Sunnhordlands perle"!

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN i Bergen vart skipa den 22. mars 1919. Skiparene av laget sette som føremål at laget skulle arbeida for å fremja kjennskap og venskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller kring byen, og å spreia opplysning om den rike kultur og sogetradisjon som sunnhordlandsbygdene har.

Laget skulle vera til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som flyttar til byen.

Desse føremålsparagrafane prøver me å leve opp til så godt det let seg gjera.

Laget er no med i fylgjande skipnader:

Noregs Ungdomslag, gjennom Hordaland Ungdomslag,
Bygdelagsnemdi,
FN Sambandet,
Teatersentralen.

Frå september til mai har me lagsmøte annankvar tysdag i Gimle. Her kjem ungdom frå heile distriktet vårt saman til åndeleg og kulturelt arbeid, og for å koma saman med vener og kjende i eit heimleg miljø.

Særlaga er grunnstamma i laget vårt. Her kjem interessert ungdom saman for å dyrka si interesse. Her har ein og det beste høve til å verta kjent i laget, og å finna seg nye vener. Ein møter andre med same interesser som ein sjølv. Ein er ikkje lenger einsam og åleine i byen.

Me har no desse særlaga :

Fotogruppe,
Leikarring,
Saumarlag,
Spellag,
Skyttarlag.

Årsmelding.

Laget har i 1964 hatt 16 lagsmøter, 1 årsmøte, 8 bygdelagskveldar, og ein fest for B. Sørfonden på 90 års-dagen hans den 11. febr.

Styret har hatt 14 møter, av desse var 1 saman med formenn og instruktørar i særlaga, 1 saman med hyttestyret, og 1 møte saman med styret i Hordaland Ungdomslag.

Årsmøtet i Hordaland Ungdomslag var lagt til Øygarden den 18. og 19. april. Utsendingar var Gunvor Djuve og Askel Ytrenes.

Utsendingar til Noregs Ungdomslag sitt årsmøte i Førde i Sunnfjord var Edel Enes og Ragnar Spissøy.

Skeid. Formannen var på eit lagsleiarskeid som Bygdelagsnemdi skipa til i mars.

Blomehelsingar vart i år sendt til Kåre Utaaker i høve doktor-disputasen hans, og til Kristi Matre på 101 års dagen.

Studiering. Diverre kom me ikkje igang med nokon studiering i 1964 slik tanken var. Formannen i studienemnda reiste frå byen, og det vart ikkje gjort noko meir med studiearbeidet. Men me vonar at det kjem med nye ivrige folk i studienemnda i 1965, og at laget kan få ein eller fleire ringar i arbeid.

Å vera med i ein studiering er både lærerikt og interessant.

14. jan. Spellaget til Nordhordlendingen opna møterekkja dette året med: "Når kjærleiken brenn".
Frammøte: 200. Møteleiar var Askel Ytrenes.

28. jan. Vårt eige spellag synte "Storindustrien kjem til Kvinnherad" av Margot Lea.
Frammøte: 250. Møteleiar var Askel Ytrenes.

11. febr. Leif Mørk sto for programmet, med opplesning og motostubbar frå Bergen.
Frammøte: 240. Møteleiar var Askel Ytrenes.

25. febr. Gjesting av amatørgruppa ved BMV. Dei underheldt med song, morostubbar og viser.
Frammøte: 200. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

[illegible]. mars Journalist Bjørgulv Iversen heldt ljosbiletekåseri med tittelen: "Øst for jernteppet-Polen".
Frammøte: 120. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

7. april Spellaget til Sognalaget gjorde stor lukke med framføringa av dei 2 einakterane: "Bjørnen" og "Frieriet" av Anton Tsjekov.
Frammøte: 160. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

21. april Odny Myking fortalde og synte ljosbilete frå ei vitjing i USA. Programmet var i fotogruppas regi.
Frammøte: 160. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

5. mai Sverre Riisøen heldt eit aktuelt og fengslande foredrag: "Per Spelmann og norsk folkelynne".
Frammøte: 140. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

19. mai På programmet stod kaffikos, opplesning av Bodil Saghaug og visesong av Vivian Vindenes.
Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

15. sept. Severin J. Overaa kåserte og synte ljosbilete frå FN-bygningen i New York. 5 smågjenter underheldt med song.
Frammøte: 75. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

29. sept. Lektor Anders Valvatne kåserte om "Amatørteater". Bodil Saghaug las dikt av Henrik Rytter og Herman Wildenvey.
Frammøte: 130. Møteleiar var Rolf Olsen.

13. okt. Spellaget til Bondeungdomslaget gjesta oss med "Laurdagskveld til støls". Før programmet tok til sa Per Ivarsøy minneord over B. Sørfonden.

27. okt. "Gjentekveld" sto på programmet med prolog, visesong, opplesning og kåseri.
Frammøte: 180. Møteleiar var Bodil Saghaug.

[illegible]. nov. "Glimt frå Storbritannia" hadde Wilhelm Waage kalla kåseriet sitt. Ein fargefilm frå Storbritannia vart framsynt. Utlodning av nynorske bøker.
Frammøte: 150. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

24. nov. Spellaget hadda laga programmet som var i revystil, fullt av fart og moro.
Møteleiar var Petter Ersvær.

8. desbr. Tysnes Ungdomslag vitja oss med spelstykket "Den glade enkjemann" av Alf Sommer. Denne kvelden var bilettpengane pålagt 50 øre som skulle gå til ein trengande familie i Sunnhordland. I år gjekk pengane til Fjelberg.
Frammøte: 200. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

Bygdelaget "SUNNHORDLENDINGEN" Rekneskap 1/1-31/12-1964.

Utlegg		Innkoma	
Husleiga	6.232,oo	Inngongspengar	20.740,50
Matutlegg	409,93	Renter bankinnskot	111,03
Lysingar	861,05	Netto brussal	133,02
Program, musikk	7.511,00	Medlemspengar	685,oo
Ymse lagsutlegg	2.626,75	Postgiro 1/1-64	15,10
Skyttarlaget	115,25	Lagsfond -"-	1.025,oo
Spellaget	169,03	Kontanter -"-	3.938,36
Leikarringen	1.436,75		
HU lagspengar	693,oo		
SN -"-	15,oo		
Bygdelagsnemndi lagsp.	30,oo		
Unglyden	8,oo		
Norsk Ungdom	20,oo		
	20.127,76		
Sunnabu yting 63 1500,-			
" " 62 100,-	1.600,oo		
Postgiro 31/12-64	15,65		
Lagsfond -"-	1.025,oo		
Kontanter -"-	3.879,60		
	Kr.26.648,01		Kr.26.648,01

Eiga pr. 31.des.1964: Kontanter Kr. 264,95 Fana 1,500,oo
Sparevilkår Vestl.banken 3.614,65 Målarstykke 500,oo
Lagsfond 1.025,oo Skrivemaskin 500,oo
Postgiro 15,65 kr. 9.420,25
2 luter L/L Bygdehuset 2.000,oo

Bergen, 31.des.1964

Ettersett, Bergen, 31.des.1964
20.[illegible].1965

Edel Enes [illegible]assastyrar

Regnskap for Sannaba 1964

Taps og vinningskonto pr. 31/12 1964.

Ved, koks, parafin, gass	277,20	Overnattingar	1.640,00
Ymse utlegg	99,80	Renter av bankinnskot	13,10
Assuranse	58,00		
Renter av pantelån	135,68		
Driftsoverskot 1964	1.082,42		
	1.653,10		1.653,10

Balansekonto pr. 31/12 1964

Hytta pr. 1/1-64	24.347,88		Lån i Vestl.banken		1.500,00
Innkj. 1964	25,00	24.372,88	Partbrev		2.600,00
Bankinnskot		20,45	Underskot i kassa		3,69
			Balansekonto:		
			Fond til utferdsst.	9.263,74	
			Ytingar	8.050,00	
			Driftsoversk. tidl.	1.893,48	
			Driftsoversk. 1964	1.082,42	20.289,64
		24.393,33			24.393,33

Bergen, den 31. desember 1964.
5. januar 1965

Ettersett: Per Ivarsøy

Solveig Almås

Årsmelding frå serlaga.

Lagshytta "Sunnabu". Det har vore eit godt økonomisk år for hytta. Me har i år hatt 120 overnattingar samt utleige av 4 1/2 veke, og fullsett i påskehelga. Det fordelar seg nokonlunde likt på medlemer og ikkje medlemer. Hyttestyret ser gjerne at medlemene nyttar seg meir av hytta enn dei har gjort.

Hytta vart vaska i vår på dugnad og me måtte få hjelp av ikkje-medlemer for å få dette gjort.

Resten av hytta vart måla utvendig og alle vindaugo vart kitta.

Lånet på kr. 13300 som vart oppteke for 4 år sidan er no nedbetalt til kr. 4100.

Me vonar å få nye divaner i stova, og å få uthuset reparert og måla.

Styret har i år vore: Knut Skålnes, form., Bodil Saghaug, kassastyrar, Ragnar Spissøy, Odny Myking. Då Bodil Saghaug har vore bortreist har Solveig Almås fungert som kassastyrar.

Leikarringen. Året har vore drive med skiftande frammøte. Våren 1964 hadde medfast frammøte på 5-6 par. Dette var lite, og tungt å arbeide med.

Til 17. mai vart me samde om ikkje å stilla ring, då det var så lite frammøte, men nokre par møtte, og me dansa saman med 2 ringar på Strandkaien, samansette av dei andre bygdelaga i Bergen. Veret var dårleg, så framsyninga var me ikkje nøgde med.

Ringen hadde dessutan ein framsyning i ungdomshuset på Våge på lagsturen den 25. mai.

Hausten byrja med så dårleg frammøte at me stussa på om heile ringen skulle slutta. Dette tykte styret i hovudlaget var leit, og det vart då drive ein ivrig verving. Og no på seinhausten har me hatt omlag 7 par, og me vonar at det vil auka.

Styret i laikarringen har vore: Lars Bruntvedt, form., Gunvor Ytrenes og Jørgen Solberg.

Saumarlaget. Saumarlaget har hatt 11 møtar i 1964, og har halde til i lagsrommet på Engen.

Frammøtet har vore dårleg, - berre 3-4 kvar gong, og det er dei same som har vore flittige og møtt opp.

Det seier seg sjølv at med så få medlemer kan det ikkje verta gjort så mykje, så me be om at det vert gjort betre kjent blandt gjentene i laget at det eksisterer eit saumarlag, så me kan få istand ein del gevinstar til markn marknaden som skal vera til hausten.

Me har det svært koseleg på møta våre. Me syr, strikkar, drikk kaffi og "slabbarasar", og så har me utlodning.

I styret for saumarlaget i 1964 har vore: Marta Ivarsøy og Petra Ersvær.

Fotogruppa. I 1964 har det helst vore liten aktivitet i gruppa med berre 2 møter dette året. Me er no berre 4 medlemer i gruppa, og etter at formannen reiste frå byen i vår, har det ikkje vorte nokon fart i arbeidet. Men me vonar å få fleire interesserte fotoamatørar med oss i 1965, slik at fotogruppa ikkje sovnar heilt inn.

På møta våre har me arbeidt mest med framkalling og kopiering.

I styret for fotogruppa har vore: Erling Hornenes, form., Arnold Kjærefjord, og Odny Myking.

Spellaget. Tysdag 28. jan. 1964 var ein av dei gildaste dagane for spellaget på lenge. Denne dagen hadde me i spellaget sett fram til. Etter Mykje motgong i 1963 og året før det, kunne me endeleg sjå resultatet av dei mange øvingane som me hadde hatt hausten 1963 med lektor Valvatne som leiar. Framføringa: spelstykket "Storindustrien kjem til Kvinnherad" av Margot Lea, skulle visa seg å verta mykje betre motteke enn me hadde våga å drøyma om. Då me høyrde klappsalvane etter teppefall, var det ikkje fritt for at me kjenda oss både letta og glade, både dei som hadde stiltra seg ut på "dei skrå breidder" for fyrste gong, og dei som hadde vore der tidlegare.

Torsdag 23. april synte me fram stykket i Sognalaget. Denne gongen var stykket omarbeid noko. "Storindustrien kjem til Tysnes" var tittelen no. var ikkje heilt nøgde med framføringa denne gongen, me fekk ikkje den ntakten med tilhøyrarane slik me ville. Det var kan hende stykket sitt lokale drag som gjorde det.

Laurdag 25. april drog me på vitjing til Tysnes Ungdomslag på Våge. Her spelte me betre enn me nokon gong hadde gjort, og kontakten med tilhøyrarane var den beste, og stemninga var høgt oppunder taket. Jau, den kvelden hadde alle skodespelarane den rette brodden i replikkane, slik dei skulle.

I haust har me freista å laga eit noko lettare program med song, sketsjar og opplesning. Den einskilde har her meir fått framføra det ho eller han har hug til sjølv.

Tysdag 24. nov. hadde me programmet på lagsmøtet vårt i Gimle. Programmet vart godt motteke, og då serleg Beatles-parodien.

Torsdag 17. des. vart same programmet ført opp på julemøtet til Nordhordlendingen med godt utfall.

Rekrutteringa til spellaget har vore god. Heile 16 personar har teke aktiv del i spellaget sitt arbeid, og det må seiast å vera bra i Sunnhordlendingen.

Alt i alt må styret i spellaget kunne uttrykkja si gleda over eit godt arbeidsår i 1964, og me vonar at suksessen må verta fylgd vidare i komande år.

Styret i spellaget har vore samansett av fylgjande: Rolf Olsen, form., Petter Ersvær og Alfhild Sivertsen.

Skyttarlaget. Skyttarlaget har i år vore i elden 2 gonger. Fyrste gongen var på Nesttun skyttarbane torsdag 17. sept. Då vart det tevla om Sunnabukruset.

Programmet var det same som det har vore tidlegare om åra, 3 friskotseriar på 100 meter, fordelt på stående, kne og liggjande, vidare 2 friskotserier på 300 meter fordelt på kne og liggjande.

Det var med 6 mann og det vart kniving om fyrsteplassen. Det vart Johan sland som trakk det lengste strået denne gongen. Han fekk samla poengsum 167 som også er 7 poeng meir enn bestemann i fjor. På andre og tredje plassen kom Bjarne Tvedte og Torstein Hystad med 164 og 162 poeng. Rekkefylgja vidare vart: Ragnar Spissøy, Anund Haga og Petter Ersvær.

Dyst nr. 2 hadde skyttarlaget i samband med bygdelagstevlinga, som gjekk føre seg på Laksevåg skyttarbane sundag 4. okt. I denne tevlinga har kvart lag høve til å stilla med 8 mann der dei 5 beste tel med i samandraget. Sunnhordlendingen stilte i år med fullt antal mann, så dette såg ljost ut. Det gjaldt no berre at me klarte å halda styr på nervesystemet. Det syntes som det og skulle gå bra då me leda samanlagt heilt til det stod att berre ein omgang på 300 meter, men då hadde me eit lite klikk.

Sognalaget vart vinnar med 1304 poeng, vidare kom Sunnhordlendingen med 1293 poeng, Nordfjordlaget med 1267 poeng og Sunnfjordlaget med 1213 poeng.

Dei som var med og talde i poeng samanlagt var Ragnar Spissøy 261, Petter Ersvær 259, Bjarne Tvedte 259, Otto Moss 257, N. Lyngnes 257 og Åge Leknes 255 poeng.

Dette resultatet vonar og trur me skal spora til meir interesse for skytinga.

Med i styret for skyttarlaget har vore: Ragnar Spissøy, form., Kjell Matre og Thv. Holmedal.

Turnemnda. Turnemnda har i 1964 hatt 2 arrangement: Det fyrste vart skipa sundag 5. april. Då gjekk "Sunnaburennet" av stabelen. Det var skitevlinga mellom Sognalaget og Sunnhordlendingen.

Laget vårt reiste opp laurdag og overnatta i hytta. Laurdagskvelden var det hyttekos, men stemninga var merkbart nervøs for det som skulle skje dagen etter, og det var der all grunn til i dobbel forstand. For det fyrste skulle me forsvara vår dundrande siger frå i fjor, og dessuten var det berre møtt fram 3 deltakarar, mot me skulle ha vore 6 mann.

Dei oppsette premiane var som tidlegare: 1 vandrepokal til beste laget (i år 3-manns lag) og 3 bestemannspremiar. Løypa vart gått opp om laurdagen, og var omlag 7 km. lang.

Trass regn og ruskever gjekk startskotet presis kl. 12.00 sundag. Tidtakarar var Marit Vangsnes frå Sognalaget og Kjell Matre frå Sunnhordlendingen. Det skulle nok syna seg at sogningane denne gongen beit adskillig kraftigare frå seg enn i fjor. Me laut sjå oss slegne av sogningane i år. Men her er å merkja seg at dei uskrevne "amatørlovane" nok vart viska noko ut.

Resultatlista:

1. Olav Bjordal, Sognalaget.
2. Helge Brekke, Sognalaget.
3. Arnold Fludal, Sunnhordl.
4. Hjartåker, Sunnhordl.
5. Ragnar Spissøy, Sunnhordlendingen.
6. Skåtun, Sognalaget.
7. Inge Thorsnes, Sognalaget.

Tidspoeng: 1. Sognalaget 70, 65. 2. Sunnhordlendingen 71, 69.

Sognalaget tok her sin fyrste aksje i vandrepokalen.

Lagsturen i år vart lagt til Våge på Tysnes den 25. april. Det var avreise frå Bergen laurdag ettermiddag med leigd Os-bil til Halhjem og vidare med ferja. På Våge arrangerte me dans. Spellaget var med og synte fram spelstykke, og Leikarringen synte fram nokre song- og turdansar. Det var møtt fram mykje folk, og stemninga var absolutt på topp.

Turen gjekk attende med leigd skøyte på sundag føremiddag.

Med i turnemnda har vore: Ragnar Spissøy, Askel Ytrenes, Bodil Saghaug og Alfhild Sivertsen.

Bergen i februar 1965.

Arnold Kjærefjord,
formann

Ragnar Spissøy, varaform. | Gunvor Ytrenes, skrivar | Ole Sæbø | Edel Enes, kassastyrar